

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015

Vedtak

Generelt: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne påpeker at på dei breva der det er underskrive med Harald Norheim, leiar, burde det stått Harald Norheim, nestleiar.

RS 19/15 Referat frå RMNF-AU 050615: I referatet står det at AU ber om at Kjell Søvik tek på seg jobben med å skrive ei førebels årsmelding som kan overleverast til det «nye» rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. AU vedtok at Harald Norheim skal ha ansvar for dette arbeidet, og at han skulle be Kjell Søvik om hjelp til arbeidet.

RS 26/15 Oppfølging av skulebruksplanen – førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å be om å få ein orientering frå opplæringsavdelinga på neste rådsmøte om kvifor enkelte skular ikkje skal ha tilpassa opplæring. Rådet sette pris på den skriftlege orienteringa.

RS 27/15 Høyring – Trygt heim-ordninga: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ein høyringsuttale der ein understreker at det er eit fint tilbod, og at rådet legg til grunn at tilbodet er tilrettelagt for alle.